

## Informasjon til politirådet 16.des 2025

Prosjektet Kompetanseløftet vald og seksuelle overgrep

Vigdis Dyrkolbotn er prosjektleiar og koodinator i ressursgruppa som driv « E D Greitt?»

Kvinnherad Kommune er vertskommune for prosjektutviklinga som har vore og er framleis eit samarbeid mellom Kvinnherad og Ullensvang.

Undervisningsopplegget «E D Greitt?» er utvikla for alle barnehagar og skular i Kvinnherad og Ullensvang, men ikkje for vidaregåande skule.

E D Greitt? er eit kompetanseløft på områda vald og seksuelle overgrep til alle tilsette, born og unge i Kvinnherad og Ullensvang kommune.

Formålet er førebygging inn mot vald og seksuelle overgrep. Alle barnehagar og skular i Kvinnherad og Ullensvang får lik undervisning frå nattressursen [www.jegvet.no](http://www.jegvet.no) som er utvikla av Salaby. Det er ikkje egna for dei aller minste i barnehagane, eit og to-åringane, og dei med nedsett kognitivitet må ha anna tilpassa undervisning. Her nemnast t.d Habiliteringstenesta og Redd Barna.

[www.jegvet.no](http://www.jegvet.no) er ein nasjonal godkjend nettressurs som er sett i system og som er hovudingrediensen i undervisningsopplegget «E D Greitt?» Nettressursen er gratis for alle og er open og tilgjengeleg på nettet.

Ressursgruppa som driv «E D Greitt?» består av to personar frå barneverntenesta og to personar frå helsestasjonstenesta, likt fordelt frå både Kvinnherad og Ullensvang. Det er Kvinnherad som vertskommune for prosjektet som koordinerer ressursgruppa.

## Året 2025

No er det implementeringsfasen som er i gong og arbeidet med dette er det prosjektet si ressursgruppe som har ansvaret for og som driftar riggen for undervisninga framover.

På kvar barnehage og skule er det etablert ein funksjon som heiter Barnas Verneombod. Det er ein eller to personar som har denne funksjonen, og det inneber at dei har tatt på seg eit ansvar for å passa på at «E D Greitt?» vert sett inn i årshjulet til skulen/barnehagen og at det vert lagt til rette for undervisning i det førebyggjande arbeidet slik det er sett opp i planarbeidet for undervisninga.

2025 er fyrste året at alle skular og barnehagar har undervist E D Greitt? mellom veke 3 -7 , nokså på nyåret. Det resulterte i at barneverntenesta fekk stor arbeidsmengde fordi at born fortalde om sine opplevingar, både seksuelle overgrep og valdssaker. Born skjøna at dei hadde vore utsett for noko som ikkje var lov og greit å gjera mot born. Det er viktig at arbeidsmengda ikkje vert so stor i barneverntenesta at borna ikkje får hjelp, så barneverntenesta beslutta difor at barnehagane underviser i november og skulane underviser mellom veke 3 og 7. Det skal ikkje informasjon heim til familiane at undervisninga går føre seg akkurat når den går føre seg, det fordi at det ikkje skal vera høve til å halde borna heime frå skulen.

Det er utført to fagdagar for alle Barnas verneombod leiarane ved einingane. Fokuset på desse fagdagane er kompetanseheving innan vald og seksuelle overgrep. Kvart år vert det arrangert to fagdagar i året og det er tilbod til alle tilsette i barnehagar og skular ein fagdag frå RVTS som beskrive under.

Det er utført eit kurs i vald og seksuelle overgrep med fokus på : Frå bekymring til handling, ein fagdag/kursdag frå RVTS. Dette tilbodet går ut til alle BVO, leiarar og BVO har som oppgåve å melde på dei tilsette som ikkje har dette kurset frå før.

### **Konsultasjonsteamet – vald og seksuelle overgrep.**

Vigdis Anne Dyrkolbotn er koordinator for teamet. Me vekslar på å vera i Kvinnherad og i Ullensvang kommune.

Det har vore større tilfang av saker enn vanleg til drøfting, spesielt etter sumaren 2025.

### **Statsforvaltaren**

Statsforvaltaren er veldig nøgd med utviklingsarbeidet som er gjort og som no er sett i verk.

Kvinnherad kommune har motteke midlar frå Statsforvaltaren til Digitaliseringsarbeid. E D Greitt? skal liggje på Veiledaren og på Bufdir sine nettsider.

E D Greitt? er no med i Gullprosjektet i forbindelse med Statsforvaltaren, og me i fasen med digitalisering og opplegg for å dele og lære opp andre kommunar om andre kommunar vert interessert etter deling i Nettverk for vald og seksuelle overgrep. Eit nettverk i regi av Statsforvaltaren.

Kvinnherad/Ullensvang fekk skjønsmidlar i fjor og det vart arrangert samling i nettverket for vald og overgrep det var der vårt prosjektarbeid med E D Greitt? som var i fokus.

### **Barne, ungdom og familiedirektoratet**

Bufdir med sitt nasjonalt utviklingsarbeid har invitert Kvinnherad kommune med i ei referansegruppe for å styrke barneverntenestene sitt arbeid i saker med alle former for vald. Det er viktig at valden ikkje «forsvinn» frå sakene saksprosessen. Ulike barneverntenester har etterlyst nasjonale tiltak.

---

### **Nytt prosjekt: Kva så? Oppfølging av born og unge etter at det er avdekka vald og overgrep**

Ein tverrfagleg samhandlingsmodell som viser kven som gjer kva til kva tid etter at det er avdekka vald og overgrep.

Eit samarbeid mellom Kvinnherad, Stord og Bømlo. Dette arbeidet er nyleg starta opp.